

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

20. oktober 2018

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29
0368 Oslo

Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land i Nordhordland

Analyseområde 18 må på metodisk grunnlag ekskluderast frå den nasjonale ramma

Analyseområde 18 omfattar m.a. Stølsheimen, Fjonfjella og kystfjella i Gulen. Området har store landskaps-, friluftsliv- og reiselivsverdiar som er underkommuniserte i NVE si kartlegging. Dessutan vil konfliktnivået vera høgt for biologisk mangfald og kulturminne. Naturvernforbundet Nordhordland er i den samanhengen forundra over metodikken som er nyttå for ikkje å ekskludera analyseområde 18.

I samband med kraftutbygging i Hordaland, har Hordaland fylkeskommune, delvis i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, utarbeidd verdikart for landskap, inngrepsfrie naturområde, biologisk mangfald, fisk, friluftsliv, reiseliv og kulturminne. Verdikarta har vore tungtvegande for dei tilrådingane fylkeskommunen har gjort i småkraftsaker, men òg i andre kraftutbyggingsprosjekt som nettutvikling, opprusting av eksisterande kraftverk og vindkraftsaker, t.d. i Sveio.

Område med høge verdiar har fylkespolitikarane i stor grad prøvd å skåna mot utbygging. NVE har nesten utan unntak teke omsyn til slike vurderingar og sagt nei til konsesjon når politikarane har tilrådd det. I fleire saker har dessutan NVE gått endå lenger og sagt nei til konsesjon trass i positiv tilråding i fylket. Grunngjevinga til NVE har gjennomgåande vore omsyn til landskap, biologisk mangfald og friluftsliv, ofte med utgangspunkt i fylkeskommunen sine verdikart.

Den metodikken som NVE har nyttå i småkraftsaker og andre kraftprosjekt i Hordaland, er nærmest ujenkjenneleg i utlegginga av analyseområde for vindkraft i det same fylket. Med bakgrunn m.a. i verdikarta til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, men òg den nasjonale kartlegginga av inngrepsfrie område og verdfulle landskapstyper gjort av Aurland Naturverkstad, burde analyseområde 18 allereie i utgangspunkt vore gjenstand for «hard eksklusjon».

Naturvenforbundet Nordhordland saknar m.a.o. ein meir konsistent og gjenkjenneleg metodebruk i forhold til det som har vore praksis på energifeltet. Dessutan meiner vi kunnskapsgrunnlaget ikkje kan ha vore godt nok når analyseområde 18 er inkludert i ramma. Under kjem ei kort grunngjeving.

Store konfliktar i forhold til landskap, friluftsliv og reiseliv

Store delar av analyseområde 18 er i Hordaland fylkeskommune sine verdikart «sårbart høgfjell av stor verdi» og «svært viktig regionalt friluftsområde». Fjonfjella er dessutan eit av dei største inngrepsfrie naturområda i Hordaland heilt utan kraftutbygging.

Med bakgrunn i slike verdivurderingar har NVE sagt nei til så å seia alle småkraftprosjekt som grip inn i høgfjellet i Nordhordland, m.a. i småkraftpakke for Modalen og småkraftpakke for Masfjorden. Vindkraftutbygging i dei same høgfjellsområda vil føra til enorme og utan samanlikning langt større irreversible inngrep enn dei småkraftanlegga som NVE allereie har sagt nei til, m.a. i Hellandsdalen.

Som nemnd i innleiinga, saknar Naturvernforbundet Nordhordland altså ein meir konsistent og gjenkjenneleg politikk i NVE. Om direktoratet av landskaps- og opplevelingssomsyn seier nei til småkraft i fjellet i Nordhordland, må vel det i langt større grad gjelda vindkraft?

Kystfjella og strandflata i Gulen er særleg eksponert

Som kommune i Sogn og Fjordane er Gulen ikkje omfatta av Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland sine verdikartleggingar.

Etter vårt syn har likevel kystfjella og strandflata i Gulen om mogleg enda høgare verdi enn høgfjellet lenger inne i. Til no har denne delen av kysten nord for Mongstad vore skåna mot større inngrep. Fleire av øyane framstår som heilt inngrepsfrie naturperler.

Området er nakne og er lite prega av attgroing. Øyer, holmar og skjer er oppdelte av smale sund og barskare sjøområde, alt med stor opplevingsverdi. Det er framleis busetnad på dei fleste øyane. Øyane og kystfjella lenger inne ligg svært eksponert mot sjøleia nordover og Sognefjorden.

Gulen har eit aktivt lokalt og regionalt friluftsliv som i stor grad nytta kystfjella som rekreasjonsområde. For både det regionale og nasjonale reiselivet har naturen ved innløpet til Sognefjorden stor verdi. Mykje av reiselivet i Gulen er knytt til naturopplevelsingar. Hurtigruta og ekspressembåtane til Sogn og Fjordane går gjennom kommunen. Det inngrepsfrie landskapet har stor verdi for turistar, men òg for lokalbefolkinga.

Vindkraftutbygging med store irreversible inngrep vil difor føra til minst like høgt konfliktnivå i Gulen som i Stølsheimen og Fjordfjella. På strandflata bur det folk som har levebrød og fritid knytt til landskapet. I motsetnad til i høgfjellet vil lokalbefolkinga til dagleg få turbinane tett innpå seg. Det er sannsynlegvis hovudgrunnen til at kommunestyret og store delar av befolkninga i Gulen har sagt nei til alle vindkraftprosjekt i kommunen. Belastninga blir for høg.

Ved å ekskludera analyseområde 18 frå den nasjonale ramma, vil NVE følgja opp signalene som direktoratet har gitt om at lokal motstand i kommunestyra skal tilleggjast avgjerande vekt. I Gulen er det tungtvegande faglege argument mot vindkraftutbygging. Mykje tyder likevel på at det trengst grundigare analysar og verdivurderinger for ytterlegare å underbygga desse argumenta, ikkje minst i forhold til biologiske mangfold. Sidan det er snakk om store og uopprettelege inngrep i eit landskap som har gjort kysten og fjordane til turistmagnetar, må reiselivet få ei sentral rolle i dette arbeidet.

Manglande transmisjonskapasitet er ein betydeleg flaskehals

I rapporten "Økt vindkraftproduksjon og virkninger i transmisjonsnettet" har Statnett sett på skilnadene i flyt, flaskehalsar og nettap ved ulik geografisk plassering av nye vindkraftverk i Noreg.

Under overskrifta «Vestlandet: Sør godt egnet for utbygging, flaskehalsar begrenser i BKK og SFE» skriv Statnett på s. 26:

Det er gode vindforhold flere plasser på Vestlandet, og flere utbyggingsprosjekter har nylig tatt eller er nært investeringsbeslutning. Området har to strukturelle flaskehalsar, over Sognefjorden og fra Samnanger mot Sauda. I dag er det det sjeldent flaskehals, men det kan oppstå i perioder om sommeren med stort tilsig.

Vidare på s. 27:

Ny produksjon i BKK-området øker belastningen i nettet fra Evanger og sør mot Sauda. Våre beregninger tilsier at ved utbygging utover 5 TWh i BKK blir det betydelig flaskehalsar i dette nettet.

Så å seia heile analyseområde 18 må definerast inn i BKK-området som Statnett refererer til. Dei «betydelege flaskehalsane» som Statnett legg vekt på, bør få som konsekvens at NVE seier nei til omfattande vindkraftutbygging i analyseområdet, t.d. i Modalen, Fjordfjella, Dyrkolbotn og på Sandøy der Norsk Vind no driv omfattande sonderingar. Den manglande nettkapasiteten kan dessutan vera eit trugsmål mot Zephyr sine planar på Dalsbotnfjellet i Gulen. Konsesjonen er klaga inn for OED både av kommunen og grunneigarar.

Manglande transmisjonskapasitet og betydelege flaskehalsar er etter Naturvernforbundet Nordhordland sitt syn eit viktig argument for å ekskludera analyseområde 18 frå den nasjonale ramma.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland